

Fyrvaktar Hammer-Olsen

Knut Hallvard Ulla i intervju
med Julie Hammer-Olsen
2006

Ved eit slumpetreff kom eg i kontakt med Julie Hammer-Olsen som var gift med fyrmeister Olav Hammer-Olsen. All dokumentasjon om denne delen av historia om Ulla fyr har eg fått i telefonsamtale med henne i 2006. Ho var då 88 år gammal. Julie Hammer Olsen budde då i Haugesund og var i god form men litt dårleg syn.



Julie Hammer-Olsen er nordfrå, fødd i Namdal i 1918, men foreldra var frå Troms. Ektemannen Olav Hammer-Olsen var frå Berlevåg i Finnmark. Han var fødd i 1909 og døydde i desember 1992. Far hans var også fyrvaktar, mellom anna på Alnes fyr på Godøya. Han heitte Ragnvald Olsen.

Olav Hammer-Olsen var midlertidig fyrvaktar på Ulla fyr i fire år frå 1946 til 1950. Den eldste dottera, Tove, gjekk på skule på Ulla første skuleåret med Ingeborg Myskja som lærar. Då ho skulle byrje på skulen, vurderte dei å leige seg hus på Ulla slik at det skulle bli lettare for dei, men det vart ikkje noko av. Andre dottera deira, Vigdis, vart fødd i 1949 medan dei var på Ulla fyr. Det vil seie at Julie reiste til Ålesund for å føde, og fødselen skjedde på Ålesund sjukehus. Det tredje barnet var ein gut som heiter Roy. Han vart fødd etter at dei reiste frå Ulla fyr.

Saman med ektemannen Olav Hammer-Olsen budde Julie på fyrstasjonar i 26 år på kysten av Møre og Romsdal. Dei kom først til Erkna fyr i Giske kommune der Olav var reserveassistent. Så hadde han teneste ved Hauggjegla fyr utanfor Veidholmen på Smøla og Flatflæsa fyr før dei kom attende til Erkna fyr i 1941. Eldste dottera, Tove, vart fødd på sjukehuset i Ålesund i mai 1942 medan dei var i teneste på Erkna. Så gjekk vegen til Ulla fyr i 1946 der dei var til 1950.

Etter bombinga av Ulla fyr den 24. oktober 1944, brann fyrtårnet ned til grunnen. Men bustadhuset, uthuset, fjøsen og naustet stod att. Det vart sett opp ei midlertidig gasslykt, såkalla Aga-lanterne, der det nedbrende fyrtårnet hadde stått. Det var ikkje så veldig mykje arbeid for Olav å sjå til at lykta var i funksjon, så han hadde god tid til andre ting. Han var svært glad i å lese bøker. Som andre fyrvaktarar på Ulla fyr, hadde han lakserett. Han stelte laksenøtene og selde laks som han hadde tilleggsinntekt av. I naustet hadde han ein robåt. Det var ei renne frå naustet og ut i sjøen slik at han kunne dra opp båten med ein vinsj som stod øvst oppe i naustet.

I fjøsen hadde dei ei ku, men ikkje andre husdyr. Julie og Olav samarbeidde om dyrestellet. Kvart eit grasstrå på Kvernholmen vart slått for å få nok fôr til kua. Det gjekk ganske greit. Utanfor fjøsen var det ein støypt kum der dei samla opp regnvatn frå taket. På den måten hadde dei nok vatn til kua der nede ved fjøsen. På same måten var det ein kum under bustadhuset der dei samla opp regnvatn. Det var ei handpumpe oppe i kjøkenet så dei kunne pumpe opp vatn til vasking og matlaging. Det var nok vatn til ei kvar tid, ho kunne ikkje hugse at dei var fri for vatn nokon gong. På alle måtar var situasjonen mykje betre på Kvernholmen enn på Erkna. På Erkna brukte dei torv til oppvarming, med det vart ikkje brukt på Ulla fyr. For det første så var der tilgang på elektrisk kraft, og dessutan samla dei rakved som vart kutta opp og brukt som brensel i kjøken og stove. Det var greit å bu i gamlehuset, med ei bitte lita stove og kjøken i første etasje med to soverom med skråtak i andre høgda. Du veit, ein var ikkje så fordringsfulle i den tida. Alt måtte fungere med ei småjente og ei nyfødd jente på Kvernholmen.

Når ein skulle til Ulla, var det vanleg å ta robåten og ro over Kvernholmsundet. Men i fjøre sjø kunne ein gå tørrskodd over på steinane. Det var ikkje like greit å kome seg over sundet i flo

sjø, og når det var dårleg ver. Då Tove gjekk på skulen på Ulla siste året dei var der, måtte ho kome seg over sundet to gonger kvar dag. Innkjøp vart gjort hos handelsmannen, Gustav V. Ulla, i Ullahammaren. Den siste tida dei var på Kvernholmen, flytta dei inn i det nye bustadhuset slik at dei fekk høve til å rive det gamle bustadhuset og ta det med til Volda.

Far til Olav Hammer-Olsen, Ragnvald Olsen, kjøpte det gamle bustadhuset på Ulla fyr og frakta det til Volda, der dei sette det opp att. Grunnen til at dei flytta til Volda, var at Ragnvald hadde budd der tidlegare, og at han hadde ei dotter der. Då dei skulle flytte til Volda, fekk dei skyss av Kåre Ulla i motorbåten hans.

Ikkje lenge etterpå fekk Olav Hammer-Olsen teneste ved Røværsholmen fyr ved Haugesund der familien vart buande i 40 år.



Julie Hammer-Olsen saman med dottera Tove og kua på Kvernholmen